



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kommunestyret
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	24.05.2018
<b>Tid:</b>	16:30 – 22:30

### Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Egil Leikanger	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Dag Kåre Nærø	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK

### Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Runar Stave	MEDL	AP
Rakel Anett Gjelseth	MEDL	AP
Leiv Aarflot	MEDL	AP
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Bjørn Otterlei	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Solveig Helen N. Båtsvik	MEDL	FRP
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP

Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK
-----------------	------	------

---

**Varamedlemmer som møtte:**

Jarle Digernes	Reidun S Myrvågnes	AP
Robert Sverre Kleppe	Runar Stave	AP
Johnny Hundsnes	Rakel Anett Gjelseth	AP
Karl Petter Sortehaug	Henry Jøsokbakke	V
Lars Ivar Moldskred	Arnulf Goksøyr	H
Oddmund Voldsund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Terje Krogset	Bjørn Otterlei	H
Andreas Leine	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Solveig Helen N. Båtsvik	FRP
Kjetil Kvalsvik	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Rolf Arne Nilsen	Frank Roy Moltu	FOLK

---

**Andre:**

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Politisk sekretær Brit Berge  
Alf Marius Grønnevik, Søre Sunnmøre kommunerevisjon  
Leiar kontrollutvalet Gerhard Furø  
Fagleiar skule Brit-Synnøve Torvik  
Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy  
Økonomileiar Geir Egil Olsen

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Det møtte 21 faste og 12 vara, fulltallig.

Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetjing.

Tine Storøy vart valt til settevaraordførar.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:

Dag Nærø og Jens Terje Johnsen.

Skriv delt ut i møte:

Epost frå Volda kommune vedk. K-sak 59/18.

Kaja Runde fekk permisjon kl. 18:45 før røysting i K-sak 53/18.

Kjell Runde fekk permisjon kl. 18:55 etter røysting i K-sak 53/18.

Marthe Vågsholm Sævik fekk permisjon kl. 19:30, under handsaming av K-sak 54/18.

Terje Krogseth fekk permisjon kl. 20:30, etter røysting i K-sak 57/18.

Grunngitt spørsmål frå Bjarne Kvalsvik om å utgreie mulighetene for ein eventuell snøggått frå Fosnavåg –Ålesund- Øye, med vidare samband til Geiranger, vart svara på av ordførar i slutten av møtet.

---

underskrifter

Jens Terje Johnsen

Camilla Storøy

Dag Nærø

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 47/18	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 48/18	Protokoll frå førre møte.
PS 49/18	Delegerte saker
PS 50/18	Referatsaker
PS 51/18	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - tidleg innsats
PS 52/18	Årsmelding for kontrollutvalet 2017
PS 53/18	Tilstandsrapport for grunnskulen 2017
PS 54/18	Årsrapport 2017
PS 55/18	Godkjenning av kommunerekneskapen for 2017
PS 56/18	Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2017
PS 57/18	Innsparingstiltak
PS 58/18	Grunnundersøkingar i sjø, Paradisbukta (Eggesbønes) - Behov for ekstra løyving
PS 59/18	Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS
PS 60/18	Delutbygging av industriområde Eggesbønes - finansiering
PS 61/18	Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp
PS 62/18	Regionreformen. Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 111/18 Skjenkebevilling - søknad om å ta med skjenkeløyvet til Mulevika 07.05.2018
- DS 112/18 Elise og Bjørnar Leine Kvalsund - 25/98 - Einebustad
- DS 113/18 Øyvind Sundnes Warholm - 30/58 - Fasadeendring
- DS 114/18 Henriette Hansen og Nick-Are Huldal Skorpen 26/234 - Løyve til oppføring av einebustad og garasje
- DS 115/18 Lars Gunnar Larsen graving og transport - 53/5 - Løyve til oppstart grunnarbeid og teknisk anlegg
- DS 116/18 Tildeling av prikkar ved manglande innrapportering av omsetning alkohol - Spar Fosnavåg
- DS 117/18 Ragnar Reite 27/25 - Ferdigattest
- DS 118/18 Havstein Remøy DA 34/10 - Endringsløyve
- DS 119/18 Ingjerd Woldstad 82/13 - Løyve til oppføring av garasje og uthus
- DS 120/18 Skjenkebevilling - Moltustranda mosjonsfestival - godkjenning av søknad for 26.05.2018
- DS 121/18 Joe Voldsund - 25/42 - Tilbygg/påbygg einebustad
- DS 122/18 Oksana Jankovska - 48/28 - Bruksendring
- DS 123/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 - Kami Skotholmen AS
- DS 124/18 Anita Jorunn Gjørvad - 45/161 - tilbygg terrasse
- DS 125/18 Razi Nazem Ali og Shohany Nadia 21/12 - Endringsløyve
- DS 126/18 Geir Kleppe - 86/2 - ferdigattest redskapsbod
- DS 127/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 - Prego restaurante AS
- DS 128/18 Lisa og Tore Grimstad - 81/14 - Tilbygg/påbygg til einebustad
- DS 129/18 Aleksander Torvik - 37/503 - Terrasse

- DS 130/18 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning) Bobiltreff 27 og 28 april 2018.
- DS 131/18 Kjøp av bustadtomt på gnr 45 bnr 188 i Dragsund
- DS 132/18 Ferdigattest - 45/153 - seksjon nr 1 og 2
- DS 133/18 Ferdigattest - 9/117 - redskapshus/lager
- DS 134/18 Ferdigattest tilbygg 22/65
- DS 135/18 BT Utbygging as - 46/83 - Løyve til planering av tomt
- Referatsaker
- RS 17/18 Referat frå årsmøte 21.03.18 og årsrapport 20178
- RS 18/18 HE 02-18 Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 25.04.2018
- RS 19/18 Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.05.2018
- RS 20/18 Protokoll - representantskapsmøte Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - 19.04.2018
- RS 21/18 Nye Ålesund kommune - deltaking i interkommunale samarbeid etter 01.01.2020
- RS 22/18 Møtebok frå ordinær generalforsamling i Tussa Kraft 2018
- RS 23/18 Høyring om avhending av statlege fiskerihamner i kommunen - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

## **PS 47/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 48/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 49/18 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg før og vert tekne til vitende.

## **PS 50/18 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitende.

## **PS 51/18 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TIDLEG INNSATS**

### **Møtebehandling:**

Alf Marius Grønnevik frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møtte og orienterte og svara på spørsmål.

Leiar kontrollutvalet Gerhard Furø møtte og orienterte og svara på spørsmål.

Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy møtte og orienterte og svara på spørsmål.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats,

Herøy kommune (utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 05.03.2018).

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  - Overgangsplanen skal innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage.
  - Kommunen skal vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
  - Kommunen skal setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar m.h.t. antal timar leksehjelp ved alle skulane.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterar om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **20.08.2018**

## **PS 52/18 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017**

### **Møtebehandling:**

Leiar kontrollutvalet Gerhard Furø møtte og orienterte. Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2017.

## **PS 53/18 TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN 2017**

### **Møtebehandling:**

Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy og fagleiar oppvekst Brit-Synnøve Torvik møtte og orienterte.

Kaja Runde fekk permisjon kl. 18:45, før røysting.

Kjell Runde fekk permisjon kl. 18:55, etter røysting.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

## **PS 54/18 ÅRSRAPPORT 2017**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen orienterte.

Svein Gjelseth AP kom med framlegg om slik endring av pkt. 1:

1. Årsrapporten for 2017 vert godkjend

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

1. Årsrapporten for 2017 vert godkjend.
2. Kommunestyret viser til handlingsregelen om at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020 og at driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020, og at dette vert lagt til grunn som føring for vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.
3. Kommunestyret legg vidare til grunn at netto lånegjeld ikkje kan auke vesentleg i økonomiplanperioden.
4. Kommunestyret ber rådmannen utgreie til budsjettseminaret 12.06.18 korleis kommunen kan levere tenester til innbyggjarane med stadig større kvalitet og effektivitet.
5. Kommunestyret ber vidare rådmannen om å legge fram ein rehabiliteringsplan for Bergsøy skule Borgia, YHU og omsorgssenteret på Eggesbønes til budsjettseminaret 12.06.18.
6. Kommunestyret ber også om at rådmannen på budsjettseminaret legg fram ein plan for anleggsprosjekt for komande økonomiplanperiode.

### **PS 55/18 GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2017**

#### **Møtebehandling:**

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2017 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

### **PS 56/18 DISPONERING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MINDREFORBRUKET FOR 2017**

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

Ein rår til at heile mindreforbruket, kr 10.059.560,95 vert avsett slik:

- Kr 10.059.560,95 vert avsett til kommunens ordinære disposisjonsfond (konto 25600100)



## **PS 57/18 INNSPARINGSTILTAK**

### **Møtebehandling:**

Lars Ivar Moldskred og Johnny Hundsnes reiste habilitetsspørsmål.

Dei er begge tilsett i Herøy brann og redning.

Dei går frå under handsaming av habilitet.

Dei vart samrøystes kjend inhabile etter KL. § 40, FVL §6, 1.ledd, bokstav a.

Epost frå rådmannen til rådmannen si leiargruppe på endeleg oppstilling innsparing ifylgje tilråding frå formannskapet vart delt ut i møte.

Høgre og AP heldt gruppemøte.

Camilla Storøy, Krf kom med framlegg om slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek innsparingstiltaka slik dei går fram av vedlagde notat frå kommunalsjefane.
2. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne ledige så lenge det er forsvarleg.
3. Kommunestyret ber om at Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden i dagens form, men vi ber om at administrasjonen kjem til oss med nye forslag på kva som kan kuttast innan brannvern utan at det bryt med lover og forskrifter.
4. Kommunestyret ber om at det ikkje vert kutta i undervisningstimar i grunnskulen, Kutt i SFO-tilbud og ei heller sentralisering av kulturskuletilbodet.
5. Kommunestyret ber om at tilbodet med privat brøyting vert oppretthalde.
6. Kommunestyret ber om at det ikkje vert kutta i Grøn omsorg og auke i prisar ved psykiatrisk dagsenter.

Framlegget fekk 4 røyster.

Høgre v/Ildar Tarberg kom med framlegg om slikt tillegg til pkt. 4 i tilrådinga frå Formannskapet:

Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden på dagens driftsnivå:

Framlegget fekk 14 røyster og fall

Høgre v/Terje Krogset kom med framlegg om slikt nytt pkt. 8 i tilrådinga frå formannskapet.

Kommunestyret ber om at framlegg frå eldrerådet 14.05.2018 vert vedteke.

Framlegget fekk 25 røyster.

28 røysteføre i salen ved vedtak.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

1. Kommunestyret vedtek innsparingstiltaka slik dei går fram av vedlagde notat frå kommunalsjefane.
2. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne ledige så lenge det er forsvarleg.
3. Kommunestyret ber om at Kostratal vert tekne med i vurderinga av innsparingstiltak. Andre sektorar enn oppvekst, som ligg vesentleg høgare i Kostratal, må ta større andel av innsparingstiltakta.
4. Kommunestyret ber om at Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden.
5. Kommunestyret ber om at Moltu skule held fram i si noverande form.
6. Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert oppretthalde. . Tenesta skal vere sjølvfinansierande og basert på sjølvkostprinsippet.

7. Kommunestyret ber om at forslag frå helse- og omsorg vert vedtekne, med unntak av forslag g) grøn omsorg og k) auke av inntekt ved å sette opp prisen på mat ved dagsenter innan psykisk helsevern.
8. Kommunestyret ber om at framlegg frå eldrerådet 14.05.2018 vert vedteke.

## **PS 58/18 GRUNNUNDERSØKINGAR I SJØ, PARADISBUKTA (EGGESBØNES) - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Detaljreguleringsplan for Paradisbukta, Eggesbønes vert godkjent med ein ny ramme på totalt kr. 1.000.000
- Reguleringsarbeidet vert tilført nye midlar, kr 625.000, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjekt «*Infrastruktur Mjølstadneset industriområde*», prosjekt nr. 51702.

## **PS 59/18 ETABLERING AV UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFTHAVN, VIGRA AS**

### **Møtebehandling:**

Epost frå Volda kommune datert 22.05.2018 vart delt ut i møte. Svein Gjelset, AP kom med framlegg om slikt tillegg til pkt. 6 i tilrådinga frå formannskapet:  
«etablering **og drift**»

Formannskapet si tilråding med framlagt tillegg fall mot 16 røyster, 29 røysteføre i salen ved vedtak.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

Herøy kommune vert ikkje med på etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra AS.

## **PS 60/18 DELUTBYGGING AV INDUSTRIOMRÅDE EGGESBØNES - FINANSIERING**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

1. Herøy kommune finansierer prosjektet «delutbygging av industriområde Eggesbønes» med kr. 10 mill. (ex mva).
2. Finansieringa skjer ved låneopptak.

## **PS 61/18 STRATEGISKE GREP FOR Å HINDRE SVART ØKONOMI VED INNKJØP**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

Herøy kommune skal nytte anskaffingar (innkjøp) som eit strategisk verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling og forsvarleg utvikling av arbeidslivet.

Kommunen skal legge vedlagde «Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffelser i kommuner og fylkeskommuner» til grunn ved innkjøp.

## **PS 62/18 REGIONREFORMEN. DESENTRALISERING AV OPPGÅVER FRA STATEN TIL FYLKESKOMMUNANE**

### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018**

Herøy kommune viser til Møre og Romsdal fylkeskommune sitt vedtak i fylkestinget 23.04.2018 og støttar dette.

**MØTET SLUTT!**

